



Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested: Dombås hotell

Dato: 17.06.2025

Tidspunkt: 09:00 – 12.00.

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Terese Jemtegård Moen	Leder	FJORD
Hans Kristian Enge	Medlem	IFK
Morten Kielland	Medlem	SKJÅK
Kristian Frisvold	Medlem	LOM
Jan Peter Valde	Medlem	RAUMA
Dordi Boksasp Lerum	Medlem	MRFK
Inger Line Flydal	Medlem	VU-REIN-BRE

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Mariann Skotte	Nestleder	LESJA
Kari Flækøy Skjåkødegård	Medlem	VÅGÅ

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Audun Holsbrekken		LESJA

Merknader:

Vara for Kari Flækøy Skjåkødegård møtte ikkje. Hans Kristian Enge deltok på møtet via teams.

Dagen før styremøtet gjennomførte styret felles synfaring med Lesja Fjellstyre og Lesja kommune i Lordalen. Etter synfaringa fekk styret ei orientering og omvising på Lesja Bygdemuseum.

Øvrige frammøtte:

Navn	
Kristine Sørli	Nasjonalparkforvaltar
Mari Melbø Rødstøl	Nasjonalparkforvaltar
Per Olav Haugen	SNO
Thomas Rødstøl	SNO

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Jan Peter Valde

Terese Jemtegård Moen

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 25/2025	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 26/2025	Orienteringar		
ST 27/2025	Referatsaker		
	Intern rapport om ulovleg forhold ved hytte i Reindalseter	X	2025/6221
	Referat frå synfaring 22.05.25 - godkjenning av gjennomførte sikringstiltak - Råkån - Finna - Lauva		2024/9143
	Endelig vedtak - klagesak - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - barmark - transport av ved og materialer - vedlikehold av veg - Sissel Rogne - Ola Myklebost		2024/4536
	Oppdatert delegering av myndighet etter naturmangfoldloven til statsforvalterne og nasjonalpark- og verneområdestyrer - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		2021/1187
	Oppdrag til Miljødirektoratet - utredning av organisering av verneområdeforvaltere - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		2024/13634
	SV: Fjellrev - oppsett av tredje fôrautomat i Reinheimen		2024/4894
ST 28/2025	Delegerte saker		
DS 12/2025	Delegert sak - endring av vilkår - Ottadalen LVO - 2025 - snødekt mark - byggetiltak på fiskebu ved Honnsjoen - Håkon Øverli		2023/1939
DS 13/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - snødekt mark - utkøyring og plassering av båt - Fellingsvatnet - Morten Olesen		2025/2588
DS 14/2025	Delegert sak - endring av vilkår - Ottadalen LVO - snødekt mark - transport av ny damluke til damanlegg - Kroketetjern vasslag		2025/3221
DS 15/2025	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - snødekt mark - transport av båt - Honnsjoen - Thorstein Steinehaugen		2025/3548
DS 16/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt - Leirungsvatnet - Konrad Soglo		2025/2053
DS 17/2025	Delegert sak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - helikopter - frakt av materialer til Tjønnebu - DNT Sunnmøre		2025/6030
DS 18/2025	Delegert sak: Reinheimen NP - Finndalen LVO - dispensasjon - skadefelling ulv - Nord-Fron kommune		2025/5644

DS 19/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - snødekt mark - utkøyring av søppel og båt - Leirungsvatnet - Torill Marie og Svein Peder Wassæther		2025/4879
DS 20/2025	Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - snødekt mark - Brøste - Kosibu - Ingvild Kylling		2025/4194
DS 21/2025	Delegert sak - dispensasjon - Trollstigen LVO - tråkking av skiløype - Slettvikane - Valldal IL ski		2025/4545
DS 22/2025	Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - snødekt mark - barmark - Røestua - Tungaseter - Lars Guthorm Røe		2025/3872
DS 23/2025	Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - snødekt mark - transport til hytte på Reset - Unni Slettaløkken		2025/3993
DS 24/2025	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - snødekt mark - 2 ekstra turer - Skarvedalseggen (ROL100) - Skarfjellenden (RMR057) - Motorola Solutions Norway		2021/458
DS 25/2025	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - snødekt mark - transport av ny damluke til damanlegg - Krokettetjern vasslag		2025/3221
DS 26/2025	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - snødekt mark - varetransport / utkøyring av søppel - Lortjønn - Sevald Bismo		2025/3817
DS 27/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - snødekt mark - transport av båt - Bollvatnet - transport av utstyr til garnkasse - Storvatnet - Ola Lundemo		2025/1305
DS 28/2025	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - snødekt mark - transport av materialer - byggetiltak på fiskebu ved Stor-Lusa - 159/1/20 - Kristin Skaansar		2025/1995
DS 29/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt - Leirungsvatnet - Sondre Bakken Tundrali		2025/3072
ST 29/2025	Ottadalen LVO - dispensasjon - 2025 - restaurering av Rundhaugsbu - Liafjellet - Lia grunneigarlag SA		2025/4413
ST 30/2025	Reinheimen NP - dispensasjon - 2025 - utplassering av Fjellgeitposter - Tverråhytta - Fjellgeita - Skjåk IL		2025/5147
ST 31/2025	Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - helikopter - renovering av naust ved Djupdalsvatnet - Djupdalen - Stian Græsdal		2025/4312
ST 32/2025	Tafjorden - Reindalen lvo - oppfølging av ulovlege inngrep	X	2025/6221
ST 33/2025	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - rovvilt og tap av verneverdiar i Reinheimen-området		

ST 25/2025 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.06.2025

Vedtak

Ingen merknader til innkalling og protokoll.

Jan Peter Valde vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

ST 26/2025 Orienteringar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.06.2025

Behandling

Forvaltarane orientere om status for tiltak i Reinheimen. Arbeidet med innfallsportane Billingen, Kløvstien og Eiafossen er godt i gang.

Kristine orienterte om sluttbefaring etter flomtiltaka ved Finndalen. Møtet styret skal halde for rådgjevande organ vart også diskutert.

Terese la fram eit bekymringsbrev angående problem knytt til jerv som ho ynskja styret skulle sende til Miljødirektoratet.

Trond Stensby orienterte om status for "Villreinfangsten som verdsarv".

Seint innkomne saker om rypetaksering frå Finndalen fjellstyre og Lesja fjellstyre og inngjerding av seterhus i Finndalen vart bestemt at forvaltarar kunne avgjere som delegert sak.

Vedtak

Seint innkomne saker som forvaltarane orienterte om, kan avgjerast delegert.

Orienteringane vart teke til vitande.

ST 27/2025 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.06.2025

Vedtak

Referatsaker vart teke til orientering.

ST 28/2025 Delegerte saker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.06.2025

Vedtak

Delegerte saker vart teke til orientering.

ST 29/2025 Ottadalen LVO - dispensasjon - 2025 - restaurering av Rundhaugsbu - Liafjellet - Lia grunneigarlag SA

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.06.2025

Behandling

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Ottadalen landskapsvernområde § 3, 1.2. a) 1.3.a) og får Lia grunneigarlag SA dispensasjon til renovering, utviding og nytt tak på Rundhaugbue ved Vikateppingi på Liafjellet.

Nytteverdien er vurdert som større enn ulempene, og tiltaket vil ikkje føre til auka bruk eller få negativ innverknad landskapsverdiar eller verneformål.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Rundhaugbua kan jekkast opp slik at ringmuren vert heva med inntil 15 cm.
- Etter restaurering (isolasjon og ny utvendig kledning) kan arealet på bua, målt utvendig, vera inntil 24 m².
- Ny ståande utkledning skal påførast same farge som på eksisterande uthus.
- Vindauga kan skiftast ut, og nye vindauge skal ha same storleik, utforming og utvendig farge som i dag.
- Takutstikka kan utvidast med 10 cm, i tillegg til nye takrenner inkludert nedløp.
- Takmaterialet kan skiftast ut med ei mattare overflate som går fram i søknaden.
- Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding og fjerning av bygningsavfall frå verneområdet er: **01.08.2027**

Det blir gjort merksam på at SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Ottadalen landskapsvernområde, og tiltakshaver må avklare tiltaka med evt. kommunen.

Dispensasjon til motorisert ferdsel for transport av byggematerialar og opprydding må avklarast nærare med forvaltar og blir behandla som eiga delegert sak.

--- slutt på innstilling ---

ST 30/2025 Reinheimen NP - dispensasjon - 2025 - utplassering av Fjellgeitposter - Tverråhytta - Fjellgeita - Skjåk IL

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.06.2025

Behandling

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3, f) og pkt. 5.2 får Fjellgeita i Skjåk IL, dispensasjon til å sette opp retningsskilt i startpunkt og i stigkryss, og ein turorienteringspost ved Tverråhytta, i Reinheimen Nasjonalpark.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjon til oppsetting av skilt og turorienteringspost gjeld i sommarsesongen 2025.
- Skiltet skal settast opp etter 1.juli av omsyn til sårbare fuglelokaliteter i Tordalen.
- Retningsskilt og turorienteringsposten skal fjernast og fraktast ut av området når fottursesongen er over.
- Innan 31.desember, skal Fjellgeita Skjåk IL sende ein stutt rapport på e-post til Nasjonalparkstyret for Reinheimen, for å dokumentere aktiviteten og ferdsel til turorienteringsposten.
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan be om at retningsskilt og turorienteringsposten vert fjerna, dersom tiltaket fører til skade for verneverdiar i området.

--- slutt på innstilling ---

ST 31/2025 Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - helikopter - renovering av naust ved Djupdalsvatnet - Djupdalen - Stian Græsdal

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.06.2025

Behandling

Morten Kielland foreslo i møtet at saka sendast attende til sekretariatet. Forvaltar skal kontakte søkjer og be om betre skildring av tiltaket, målsatte skisser av naustet og kor mykje som skal gravast i terrenget.

Utsettingsforlaget frå Morten Kielland vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka sendast attende til sekretariatet for å hente inn meir informasjon frå søkjar.

ST 32/2025 Tafjorden - Reindalen Ivo - oppfølging av ulovlege inngrep

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.06.2025

ST 33/2025 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - rovvilt og tap av verneverdiar i Reinheimen-område

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.06.2025

Behandling

Terese Jemtegård Moen ba styret om å få legge fram ei sak om rovviltutfordringar og tap av verneverdiar i Reinheimen. Ho hadde utforma eit brev med bekymringsmelding til Miljødirektoratet som vart drøfta i møtet.

Til Miljødirektoratet

Nasjonalparkstyret for Reinheimen forvaltar Reinheimen nasjonalpark, 6 lanskapsvernområde og 5 naturreservat i Lom, Vågå, Skjåk, Lesja, Rauma og Fjord kommunar. Dette ansvaret har vi fått delegert frå Miljødirektoratet.

Styret har ansvar for ein heilskapleg forvaltning av verneområda, der hovudoppgåva er ivaretaking av verneverdiane og verneførmålet.

Styret ønsker med dette å uttrykke bekymring for at verneverdiar kan gå tapt som følge av vedvarande stort skadetrykk av rovvilt, då spesielt jerv og ørn. Det er stor fare for at beitenæringa blir borte i verneområda som følge av store tap av sau og lam til jerv over mange år. Problemet er størst i verneområda i Rauma, Fjord, Skjåk og Lesja kommunar. Då vil kulturlandskapet gro att, og viktige planteartar som er avhengig av beiting vil bli borte. Vi er i tillegg bekymra over at både jerv og ørn vil bli eit problem for villreinbestanden, spesielt dersom sau på beite blir borte frå verneområda.

Rovviltforvaltning er ikkje Nasjonalparkstyret sitt ansvar, derfor vidareformidlar vi vår bekymring til Miljødirektoratet og vonar de får gjort noko med skadetrykket frå jerv og ørn, slik at verneverdiane i dei områda vi har fått ansvaret for å forvalte vert bevart også for framtida.

Eit samrøysta styre ba om at sekretariatet sender dette brevet til Miljødirektoratet på vegne av Nasjonalparkstyret for Reinheimen.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ber sekretariatet om å sende brev "om rovvilt og tap av verneverdiar i Reinheimen-området" til Miljødirektoratet.